



Lys ved ballbingen skaper aktivitet også på mørke kveldar!

Aktiviteten har vore stor i ballbingen i Korsnes gjennom mange år. Det har nok vore den viktigaste utviklingsarenaen for unge fotballspelarar i Uskedalen. Til no har mørke haust- og vinterkveldar sett ein dempar på aktiviteten i den delen av året. Det har styret i velforreinga teke konsekvensen av, og no er det montert lys slik at aktiviteten kan oppretthaldast i den mørke årstida og.



Kvinnherad Energi står for monteringsarbeidet.

Leiar i Korsnes Vel, Tor Edward Taranger, fortel at lyset som tidlegare vart montert i enden mot hovudvegen vart sponsa av Kvinnherad Vekstbedrift AS. I dag er to mann frå Kvinnherad Energi på plass og monterer lys i den andre enden av banen. Kostnaden med dette lyset vert dekkja av velforreinga sjølv.

Ballbingen har vore eit svært positivt aktivum for både dei som bur i feltet, og andre. Svært positivt er det at her møtest barn og ungdom av eit stort aldersspenn til felles aktivitet med fotballen. Dei yngste set særleg stor pris på å lære av dei som er eldre. Det er av stor verdi for dei som bur i feltet, at velforreinga set i verk tiltak for å vidareutvikla denne samlingsarenaen.

Av: Thor Inge Døsland

